

Utvalg for drift og utvikling
Meland kommune
Postboks 7
5906 Frekhaug

03.02.2019

Børge Rune Rossland , Rossland 30, 5917 Rossland
Ove Nils Rossland, Skurtveitvegen 51, 5917 Rossland
Helge Rossland, Skurtveitvegen 26, 5917 Rossland
Bjørn Arild Rossland, Skurtveitvegen 33, 5917 Rossland

**KLAGE PÅ AVSLAG OM SØKNAD OM DELING AV DRIFTSEINING
Gbnr. 47/8 Rossland og 48/1 Skurtveit.**

Viser til avslag på søknad om deling av driftseining etter jordlova Gbnr. 47/8 Rossland og 48/1 Skurtveit, motteke 16.1.2019. Administrativt vedtak. Sak.nr: 08/2019.

Underteikna er samd i mykje av saksutgreiinga frå administrasjonen, og ser at konklusjonen byggjer på jordlova og anna relevant regelverk.

Vi vil likevel be Utval for drift og utvikling vurdere søknad og klage på ny med tanke på at den modellen vi fremjar for deling kan gje betre skjøtsel av kulturlandskapet i området. Vi ser med uro på den tilgroing som skjer då her ikkje er vesentlig husdyrdrift. Planen er å halda området vedlike gjennom hogst og sau/utegangarar. Dermed vil det ikkje vere trong for eit stort driftsapparat på Gbnr. 48//1.

Det er vanskeleg å driva Gbnr. 48/1 og Gbnr. 47/8 rasjonelt. Den dyrka marka vil krevje utbetring for å kunne tilpassast dagens maskindrift i landbruket. Tre av oss brødre bur på Skurtveit, Gnr 48. Vi meiner at frådelling vil styrkja framtidig drift av kulturbeite ved at vi er fleire som vil delta i den daglege drifta.

Rossland, 03.02.19

Anna J. Rossland

Børge Rune Rossland

Ove Nils Rossland



Helge Rossland

Bjørn Arild Rossland